

På skolen

Elev A

Les gjennom heile instruksjonen før du begynner. Ta fram eit ark.

Teikn eit klasserom. Teikn ein pult. Til venstre for pulten står det ein sekk. I sekken ligg ei bok. På pulten ligg eit ark. På arket står det Lekse.

Til høgre for arket ligg ein penn. Framfor arket ligg eit viskelêr. Til venstre for arket ligg ein linjal. På golvet til høgre for pulten ligg ein perm. På veggen framfor pulten heng ei stor tavle. Til høgre for tavla heng ei klokke. Klokka er 9. Til høgre for klokka er det ei dør. På den andre veggen er det eit vindauge.

Teikn teikninga. Les så opp beskrivinga for ein klassekamerat som skal prøve å teikne ei liknande teikning. Les to gonger. Først lyttar kameraten, så teiknar han.

Samanlikn teikningane. Kva er likt? Kva er ulikt?